



Værlandet

Nordsjøløypa

Askvoll

På dørhella til Nordsjøen

Værlandet og Bulandet er det vestlegaste busette øysamfunnet i Noreg. Værlandet har eit særmerkt landskap, med dei spesielle klettane, kombinert med myrar og vatn. Bulandet har meir enn 350 øyar og vert ofte kalla "Nordens Venezia".



Tilsaman bur det meir enn 450 menneske på øyene. Fiske og fiskeforedling, lakseoppdrett og -slakteri, steinbrot og foredling av stein, garnmontering og turisme er viktige næringsvegar. Nytt og spennande er vegen mellom Værlandet og Bulandet, 5 km lang og med 6 bruer på til saman 950 meter. Dette er verkeleg porten til Nordsjøen!

Værlandet - naturbruk

Værlandet har flott natur, spennande farvatn mellom holmar og skjer og eit rikt fugleliv. På 1970-talet var det storstilt leplanting med ulike slag furu, sitkagran og lerk på øya. Skogen har vakse opp, og gjev livd for vinden og skjul til dyr på øya. Er du heldig får du sjå både hjort, havørn og hegre på turen. Tidleg på sommaren blomstrar kystmyrklekken og heiblaufjør, medan klokkeling og røsslyng tek over seinare på sommaren. I overgangen mellom myr og berg kan du finne den flotte og meir sjeldne purpurlingen.



Det er kort veg til fiskeplassane på Værlandet - sjølv om ikkje alle kveldar er like stille som denne!
Foto: Helge Landøy

Sørværet naturreservat er ein stor del av Værlandet med sine 7800 dekar. Føremålet med fredinga var å ta vare på eit viktig skjergards- og våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Naturreservatet er viktig for fuglelivet, viser myrområda som naturtype, og er og knytt til geologiske verneinteresser (devonsk sandstein). Ungdommane på Værlandet har hatt fleire prosjekt knytt til Sørværet, mellom anna rydding av søppel i fjæra, og undersøkingar av kvar søppelet eigentleg kjem i frå.

Værlandet deltek i Naturbruksprosjektet, med fokus på å skape godt miljø og fleire arbeidsplassar gjennom balansert bruk av naturreservatet.



"Makrelen" er restaurert av elevane frå Værlandet - prosjektet har tatt 14 år, men så vart då også resultatet veldig bra! Foto: Gry Leite

Av aktivitetar og tilbod er det ridesenter, butikk, ungdomsklubben "Taren", bygdekino og idrettslag. Det er gode tilhøve for friluftsliv og fleire merkte stiar på øya. Du finn og badeplass og sandvolleyballbane.

Skulevegen

Den gamle skulevegen er stien ungane i Myrvågen måtte gå for å komme seg på skulen i Sørgarden. Berre murane står att av den gamle skulen i dag. Den første som nytta stien som skuleveg var Teodor Myrevåg i ca 1900. Det tok nesten ein time å gå, og stien var i bruk som skuleveg fram til 1939. I styggevær hadde ungane beksaumstøvlar (bekara) og regnfrakk. Elles gjekk dei i ullklede og tresko. Midt mellom Myrevågen og den gamle skulen ligg ein stein som vart kalla "Strykejarnet", og når ungane kom hit visste dei at dei var halvvegs. Ved Gåsevatnet budde Maria ved vatnet. Attmed uthuset hennar låg "Sokkebytestein". Ungane vart alltid våte på beina etter turen gjennom myrane. Her bytte dei sokkar og hengde dei våte til tork slik at dei hadde sokkebyte på heimvegen og.

Nordsjøløypa

Frå ferjekaien må ein opp først opp på hovudvegen for å finne Nordsjøløypa. Her går stien over knausar og open furuskog, kryssar eit beiteområde og så kjem du inn på den gamle skulevegen. Nordsjøløypa følger skulevegen vestover, gjennom eit skogholt og ut på myra. Her er det flott utsikt mot klettane. Stien krysser myra. Over Sløkjene er det laga ei enkel gangbru, slik at ein kjem seg tørrskodd over. Stien krysser "fjellkjeda" i eit skar, og her er det mogleg å ta ein avstikkar til Høgkletten som er Værlandet sitt høgaste punkt med 163 m.o.h. Utsikta herifrå er vel verd slitet med å komme seg opp. Du kan og ta deg ein avstikkar til Duklettskaret eller Mannsheia som er fine utsiktspunkt. Deretter går turen over berg, myr og langs viker og sund med utsyn mot Melvær og Bulandet til stien treffer hovudvegen att. Her ragar Lorang-C masta 220 m.o.h. No ser du rett i husa i Myrevågen i vest. Stien er om lag 2,5 km lang. For dei spreke kan det vere aktuelt å gå eller sykle vidare over bruene utover mot Bulandet. Ein kan og velje om ein vil gå stien tilbake eller nytte seg av hovudvegen attande for å få seg ein rundtur. Syklar kan leigast både i Værlandet og Bulandet.

Skuletur! Pause på brua over sløkjene.
Foto: Torhild Landøy



Værlandet

Fasilitetar og opplevingar:

-  Kapell
-  Butikk
-  Ridesenter
-  Badeplass
-  Sykkeltulleige
-  Gjestebygge
-  Overnatting





Dei karakteristiske klettane på Værlandet er eit flott syn!
Frå venstre: Børekletten, Mekletten og Høgkletten.
Foto: Leif Grane

Spennande berggrunn

Grønsteinen på Værlandet er gamal havbotn-lava. Rørsler i jordskorpa førte til at denne havbotnen vart heva, folda og pressa saman mellom oss og Grønland. Ei fjellkjede vart dannna, om lag som Himalaya i dag. Bergarten breksje er eit resultat av knusing i samband med fjellkjedefoldinga. Konglomeraten er danna av stein og sand som vart ført vestover og sørover med elver.



Hamna i 1939: Foto: S. Halsøy
Fjørekkoll Foto: Magne Hamre

Alt dette vart folda og ført ned i djupet då Island og Noreg vart pressa saman for ca 400 millionar år sidan. Dei ulike laga med bergartar står i dag skrått ned i djupet. Grønsteinen finn vi i nordlege delar av Værlandet, og denne låg opphavleg i botnen. Breksjen går som eit belte gjennom heile Værlandet og ut til Steinen vest for Sandøy. Konglomeraten finst på den sørlege halvdel av øya og inn i naturreservatet. På toppen kom tjukke lag med sand som vi kan sjå som sandstein i øyane sør for Værlandet; Sørværet.

Landøy steinindustri tek ut blokker av breksje og konglomerat. Av desse vert det laga særlege interiør som t.d benkeplater til kjøkken og bad.

Dei spesielle formene på klettane kjem truleg av kombinasjonen hard og massiv bergart og erosjon frå is og hav under og etter siste istid.



Måsar: Foto: Magne Hamre
Jentene på Værlandet bruker mykje tid på hesteryggen - populært tilbod! Foto: Gry Leite

Hamna i Værlandet

Bygningsmiljøet i Hamna er verneverdig. Buene som står der no er frå siste halvdel av 1800-talet, og berre tre av dei er bygd på 1900-talet. Det er nemnd sjøbuer og naust tilbake frå 1700-talet. Det vart bygd nye buer på dei gamle tomtene etterkvart som dei gamle forfall og vart borte. Fylkesbåtane har hatt anløp med passasjerar og varer i hamna frå slutten av 1800-talet til Nordsjøporten opna i 2003. Opp gjennom tidene har dette vore ei viktig fiskerihamn. Moloen vart bygd på 1930-talet, og vegen til hamna vart bygd under krigen. I dag held Værlandet Garnmontering og Værlandet Båt til i hamna.

Kommunikasjon

Det tek om lag ein time med ferje til fastlandet og kommunesenteret Askvoll. Ferja har og stopp på Fure i Fjaler. Ferjeruta korresponderar med ekspressbåt frå Bergen, Sogn, Måløy og Florø. Frå ferjekaia på Værlandet til den gamle ferjekaia på Bulandet er det 12 km.



ALLEMANNSRETTEI GJELD I UTMARK

Rettar:

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Raste og overnatte
- Ri eller sykle på stiar og vegar
- Ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten
- Plukke bær, sopp og blommar
- Bade i sjø, vatn og vassdrag
- Fiske med sportsfiskereiskap etter saltvassfisk

Plikter:

- Ikkje skade naturmiljøet eller uroe dyr og fuglar
- Ikkje gå i dyrka mark og eng
- Ikkje gjere opp eld i skog og mark mellom 15. april og 15. september
- Hundar skal vere i band på offentleg veg eller i naturen. I utmark er det bandtvang i tida 1. april til 15. oktober og når dyr er på beite.

NB: Lat att grindene etter deg og respekter skilting.

NB: I Sørværet naturreservat er det i tida 1. april til 1. august forbode å stige i land sør for sørspissen på Kjerringa og Nordre Leiskjeret.

Meir informasjon:
Askvoll kommune,
kulturkontoret
Tlf 57 73 02 00

www.jensbua.no

Tekst: Lene Gjelsvik
Kart: Ugland IT Group
Løyvnr.:

Formgjeving:
eko Førde



ASKVOLL
KOMMUNE



NAVE Nortrail

Nordsjøløypa

NAVE Nortrail er eit samarbeid for vern av Nordsjøregionen si felles kulturarv som kommunikasjon og transportåre.



Supported by Interreg. IIIB